

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara kvifor kritisk lesing er viktig</li> <li>• Læra seg å sitera og kjeldeføra i eigen tekst</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• reading, writing and speaking about health and wellbeing</li> <li>• using prepositions</li> <li>• using linking words</li> <li>• writing five-paragraph texts</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Berekna ulike vinklar</li> <li>• Berekna vinklar i mangekantar</li> <li>• Berekna og bruka vinkelsum i praktiske situasjonar</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna forklara kva eit rusmiddel er og kva verknad det har på kroppen.</li> <li>• Kunna namn på ulike typar rusmiddel, og seie noko om rusmidla sin skadeverknad.</li> <li>• Kunna reflektera rundt kva rusavhengighet kan føra til.</li> <li>• Kunna seie noko om begrepet seksualitet.</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara korleis buddhismen pregar dagleglivet til lekfolk og munkar/nonner</li> <li>• Gjera greie for kven Siddharta Gautama var, og kvifor han er ein sentral person i buddhismen</li> <li>• Visa til og gje døme på sentrale trusførestillinger i buddhismen</li> <li>• Forklara og gje døme på sentrale begrep, som samsara, karma, buddha, dharma, kloster, munkar, lekfolk, meditasjon</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara korleis naturleg utval gjer artar tilpassa det miljøet dei lever i</li> <li>• Gjera greie for korleis ulike observasjonar og funn styrkjer evolusjonsteorien – og gi nokre døme</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å kunna stilla spørsmål og svara korrekt</li> <li>• Å kunna skildra folk</li> <li>• Læra om regelrette og uregelrette verb i presens</li> <li>• Kunna samsvarbøying</li> <li>• Kunna repetisjon av tal</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruka tysk både munnleg og skriftleg</li> <li>• Kunna snakka om skule i Tyskland og Noreg</li> <li>• Læra om livet til tenåringar som kjem frå forskjellige land</li> <li>• Repetisjon av modale hjelpeverb og verb i presens</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtala om kva som gjev livet mening</li> <li>• Skriva korte tekstar om det som formar liva våre</li> <li>• Samtala om og skriva om interesser</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna norske folkedansar godt og fungera i lag med klassen i dansen utan rols.</li> </ul>
<b>M&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vita kva god hygiene er</li> <li>• Vita kva vurderingskriteria for faget er</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna fortelja om korleis me skal oppføra oss på kjøkkenet</li> <li>• Me skal laga: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Havrebrød (eiga oppskrift)</li> <li>○ scones (gul 130)</li> <li>○ Omelett spansk/ost og skinke (gul 89)</li> <li>○ Kokt egg (grøn 116) og laga ein tallerken med pålegg og</li> </ul> </li> </ul> <p>Alle må ha reint forklede og hårstrikk (om du treng det)</p>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsrett mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øva på å vera med på varierte bevegelses(rørsle)aktivitetar aleine og saman med andre.</li> <li>• Anerkjenne ulikskapane mellom deg sjølv og andre i bevegelsesaktiviteter, inkludera alle, samarbeida og oppmuntra andre medelevar.</li> <li>• TEMA: Sykling</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja og gjennomføra turar ute til ulike årstider, og med overnatting, og gjera greie for val av rute og leirplass</li> <li>• halda orden på og vurderer bruk av utstyr og klede</li> </ul> <p>Me skal padle i kano i veke 36, og planleggja tur i veke 37. I veke 36 møter du på avtalt plass i Sandtangen. I veke 37 møter du i klasserommet.</p>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Innsats for andre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Finna ut korleis me kan laga sosiale tiltak til glede for andre</li> <li>• Førebu Hei Verden-aksjon</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### **Turdag**

Me kastar oss rundt og reiser på sykkeltur måndag 2.september. Informasjon er sendt til føresette på visma.

Me har 1.time i klasserommet, og så reiser me ca kl 9.00, med retur frå stranda ca kl 12.30. Det blir ulike strandaktivitetar og bading for dei som vil.

Pakkeliste:

- Sykkel og hjelm(!)
- Vanleg sunn matpakke (ikkje godteri og chips)
- Drikkeflaske med vatn/juice/saft (ikkje brus eller energidrikk)
- Handkle og badetøy om du vil bade
- Solbriller, evt caps og solkrem
- Noko å sitje på
- Klær som du kan vere lett aktiv i

Mobiltelefonen bør ligge att heime denne dagen, men dersom du må ha den med kan ein vaksen passe på den.

### **Kick-off Elevbedrift**

Onsdag 4.september kjem Ungt Entreprenørskap på besøk igjen og arrangerer kick-off for Elevbedriftprosjektet me skal jobba med i haust.

8.05-8.15: Fellessamling i aulaen, kort inspirasjonsøkt

8.25-9.40: Kreative øvingar og idédugnad i klassane. Rettleiing frå UE i grupper.

### **Foreldremøte**

Me kallar inn til foreldremøte for 9.trinn onsdag 18.september kl. 18.00 i aulaen på Bryne ungdomsskule.

### **Nasjonale prøvar**

Me skal gjennomføre nasjonale prøvar i lesing og rekning i løpet av dei komande vekene.

Informasjon om nasjonale prøvar finn de på heimesida vår. Me håper at elevane gjer sitt beste på desse, då me bruker resultatata aktivt og justerer undervisninga deretter.

### **Overnattingstur**

Elevar på 9.trinn skal delta på ein overnattingstur for å oppfylle fleire av kompetansemåla i kroppsøvingfaget. Denne er altså obligatorisk. Me held på og planlegg denne, og følgjer med på værmeldinga om det kjem nokre dagar utan regn. De får meir informasjon av kontaktlærarane, men ver førebudd på at det kan skje på relativt kort varsel. Elevane får i oppgåve å kartlegga kva de har heime av telt og anna nødvendig utstyr, nokre treng gjerne litt hjelp med dette.

Helsing oss på 9.trinn

VURDERINGAR	
Veke	Fag, innhald
Veke 37	Tekst i norsk
Onsdag veke 38	KRLE-prøve om buddhismen

HEIMEARBEID VEKE 36	
Norsk	Les i leseboka di i minimum 20 minuttar. Lesinga skal førast i bokloggen
Engelsk	Read the text Brain Food: <a href="http://aunivers.no">Brain Food - Aschehoug univers (aunivers.no)</a>  Complete task 1 on ON
Matematikk	<b>Beskriva mønster algebraisk</b> Oppgåveboka s. 39 og 40, oppg. 2.108, 2.109, 2.110 (kan vera lurt å bruka regelboka)  Ta bilete av lekse di og lim inn på ON, matematikk, heimearbeid, veke 36
Samfunnsfag	Les artikkelen «Rusmiddel og store valg» + gjer «Finn svaret» 6-9
KRLE	Les om <a href="#">å leva som buddhist</a> , og gjer oppgåvene på OneNote.
Naturfag	« <b>Drivkrafta i evolusjon – naturleg utval</b> » og « <b>Observasjonar og funn som støttar evolusjonsteorien</b> » Les i Solaris eller <b>høyr</b> på Aunivers s. 16 til og med s. 21 i Solaris 8 Svar på «Kva las du no?» s. 19 i Solaris Forklar ordet <i>fossil</i> .
Spansk	Skriv en tekst om skulen din, cirka 70 ord. Lever på Onenote
Tysk	I AB: s. 15, oppg. 4a + 4b, lever inn i ON
Eng fordj	Les «The day I came home», s.26-27 (teksten ligg på OneNote). Gå ein tur ut frå heimen din, og prøv å finna vegen tilbake med lukka auger. Korleis er det? Finn du vegen heim utan å juksa? Skriv minst to avsnitt om det du opplever.
Musikk	Dersom du ikkje får det til i musikktimen: Øv heime på å gå i takt til musikk, og på hinkehopp.
Kantine	Møt på kjøkken Hugs hårstrikk, forkle og innesko

<b>HEIMEARBEID VEKE 37</b>	
<b>Norsk</b>	Les i leseboka di i minimum 20 minutt. Lesinga skal først i bokloggen  Skriv ferdig teksten din heime. Den skal leverast på Teams innan fredag. Hugs å sjå over korrekt teiknsetting, grammatikk og bruk av tekstbindingsord
<b>Engelsk</b>	Read the text Powerful Emotions: <a href="http://aunivers.no">Powerful Emotions - Aschehoug univers (aunivers.no)</a>  Summarize the text using four pictures. You can draw or find pictures online.
<b>Matematikk</b>	<b>Ulike polygon</b> Oppgåveboka s. 41 og 42, oppg. 2.111, 2.112, 2.113, 2.115. Ta bilete av lekse di og lim inn på ON, matematikk, heimearbeid, veke 37
<b>Samfunnsfag</b>	Les teksten «Seksualitet og identitet» + gjer «Finn svaret» 1-4
<b>KRLE</b>	Førebu deg til skriftleg prøve om Buddhismen onsdag neste veke.
<b>Naturfag</b>	« <b>Overgangsformer</b> » og « <b>Evolusjonsbiologi i dag</b> » Les i Solaris 9 eller <b>høyr</b> på Aunivers s. 22 til og med s.28 Beskriv med eigne ord forskjellen på <i>naturleg- og kunstig utval</i>
<b>Spansk</b>	Øv til minisamtale på torsdag: Du skal seie tre ting du gjer i fritida di.
<b>Tysk</b>	Gloseprøve på torsdag, sjå ON, Heimearbeid, Woche 37
<b>Eng fordj</b>	Les s 40-41, «Your Hobby is what?!». Teksten finn du på OneNote. Gjer oppgåvene som høyrer til,
<b>Musikk</b>	Dersom du ikkje får det til i musikktilen: Øv heime på å gå i takt til musikk, og på hinkehopp.
<b>Kantine</b>	Møt i klasserommet til 9B